



# Slik sorterer du avfallet ditt



## Bioavfall

**Dette kan du ha i dunken med brunt lok:**

- Matrestar av alle slag
- Kaffigrut, kaffifilter, teposar
- Eggeskal, restar av reker og andre skaldyr
- Visne blomar, gamle pottplanter (utan potte!)
- Lauv, hageavfall, sagflis
- Kjøkenpapir, papirserviettar
- Eggekartongar, mindre mengder avispapir
- Bein, fjør, hår

**Dette må du IKKJE ha i:**

- Plast, glas, metall, mjølk-kartongar, elektrisk- og elektronisk avfall (EE), farleg avfall, trykkimpregnert eller måla treverk.



## Papiravfall


**Dette kan du ha i dunken med blått lok:**

- Aviser, reklamepapir, vekeblad
- Skrivepapir, kopipapir, konvoluttar
- Pappesker, kartong, drikkekartongar

Papiret må ikkje vera vått eller tilsølt med matrestar. Du treng ikkje fjerna stiftar og limband.

**Dette må du IKKJE ha i:**

- Plast
- Glas
- Metall
- Farleg avfall
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE)



## Restavfall

**Mesteparten av avfallet som er til overs når du har sortert ut bioavfall og papir, kan kastast i dunken med svart lok:**

- Avfall av blanda materiale
- Gummi, lær
- Støvsugarposar, papirbleier
- Steingods

**Dette må du IKKJE ha i:**

- Farleg avfall
- EE-avfall / kvitevarer
- PCB-haldige vindauger
- Trykkimpregnert materiale
- Bildekk
- Matavfall

### Plastemballasje

Be SIM om å få tilsendt sekker til å samla plastemballasje i. Plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt til SIM sine miljøsentralar. OBS! Plasten må vera rein og tørr, elles er den restavfall.



### Drikkekartongar

Alle drikkekartongar skal gjenvinnast; både store og små, med og utan skrukork eller lok. Kast kartongane i papirdunken.



### Glas- og metallemballasje

Glas- og metallemballasje kan kastast i SIM sine returpunkt for slikt avfall. Dei finst på sentrale stader i kommunen.

